



Kurt Eivind og dottera Bente i den nye garasjen.

Bjørg Inga og Kurt Eivind Miljeteig på Friheim har gjennom åra gjort ein heilt utruleg innsats for å utvida og utvikla garden. Dei er ikkje minst kjende for produksjonen av pølser og pinnakjøtt og har hatt planar om start av produksjon også av hjorteprodukt. Både dei og neste generasjon har i tillegg gjort ein stor jobb med vedlikehald og restaurering av dei gamle husa. Familien har også kjøpt nabogarden som dei før pakta og den krev også sitt.

Det skjer alltid noko på Friheim og no er ein dobbelgarasje under bygging for dotter Bente og svigerson Eirik Ulvenes. Dei har jobbar i helsevesenet på Husnes og SKL og det er naudsynt med garasje her oppunder Nåso - særleg om vinteren.

- Men det stoppar vel ikkje med dette, kva så med hjorteprosjektet, Kurt Eivind?
- Eg veit ikkje om eg orkar det, for helseproblema er framleis til stades. I alle fall maktar eg ikkje å ta fatt på det førebels, svarar den driftige karen som så langt ikkje har latt seg skremme av ymse plager.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen